

Endringar i kommuneplanen sin arealdel 2025-2036 etter 1. gongs høyring basert på politiske vedtak og vurdering av innkomne innspel

Vi ønskjer innspel til **endringane** som er spesifisert under.

Endringar som er markert med **X** i siste kolonne, er spesifisert i vedlagte dokument «Spesifisering av endringar i plandokumenta».

Nr	JP Innr.	Innspel	Vurdering og endring i plandokumenta	
	171	Bygland IL motorsport gbnr. 35/2		
1	1	Motorsportområde på Nesmoen – kommentarar til konklusjonen i KU.	Vedtak i kommunestyret 13.03.25, sak 30/25 om at enduro-/trialbane på Nesmoen ikkje skal inngå i planforslaget. Innspelet blir ikkje tatt inn i planforslaget.	
	189	Kristin Straume		
2	1	Legge til rette for store tomter (>3 mål) – dyrke eigen mat/beredskap.	Fokus på eigenberedskap er viktig, og romslege tomter kan vere eit ønskje frå tilflyttarar. Dersom kommunen ved ein seinare revisjon vil ha LNF spreidd bustad som tema, så vil dette vere eit godt innspel i det arbeidet. Arealrekneskapen syner ein antatt planreserve for bustadområde på 432 daa. Det er mogleg å legge til rette for større tomter i desse areala. Innspelet blir ikkje tatt inn i planforslaget.	
	192	Gunnar Harstad gbnr. 1/7		
3	1	Område til kjernekraftverk. Innspel om nytt arealformål.	Energikommisjonen leverte sin NOU (Mer av alt – raskere) 2. februar i år. Fleirtalet i kommisjonen tilrår ei auke i fornybar kraftproduksjon frå vasskraft, vindkraft, havvind og solkraft. Det er 40 kommunar i Noreg som har danna ei interesseforeining for kjernekraft. Det er formelt mogleg å etablere kjernekraftverk i Noreg, men det er ikkje utvikla detaljert regelverk for kommersielle kjernekraftverk. Kjernekraft er ikkje fornybar energi, men er ofte sett på som svært rein grunna låge CO2-utslepp. Styringsgruppa vel å ikkje ta inn nye byggeområde i planen. Innspelet blir ikkje tatt inn i planforslaget.	
	193	SVR		
4	1	Ingen spesielle merknadar til planforslaget.	Kommunen tar uttalen til etterretning.	
5	2	Oppmoding om å prioritere Sti- og løypeplanen.	Arbeidet med sti- og løypeplanen pågår med mål om vedtak innan 2024. Kommunen tar uttalen til etterretning.	
	194	Gro Tove Sandnes gbnr. 32/4		
6	1	Nytt arealformål 4-6 bustader langs fjorden.	Sandnes har eit flott kulturlandskap som er viktig å ta i vare. Området som er foreslått til bustader langs fjorden, ligg tett opp til dyrka mark. Dersom kommunen ved ein seinare revisjon vil ha LNF spreidd bustad som tema, så vil dette vere naturleg å sjå på Sandnes i det arbeidet. Innspelet blir ikkje tatt inn i planforslaget.	
7	2	Nytt arealformål fritidsbustader ved gamle Vikli.	Styringsgruppa vel å ikkje ta inn nye byggeområde i planen. Initiativet er positivt, og kan eventuelt bli vurdert gjennom ein dispensasjonssøknad. Innspelet blir ikkje tatt inn i planforslaget.	

Nr	JP Inr.	Innspel	Vurdering og endring i plandokumenta	
8	3	Endre foreslått bustadområde nord for Sandnes (KU98) til kombinert bustad/ fritidsbustad.	Behalde området som bustadområde grunna mogleg konflikt mellom fritidsbustad og bustad. Innspelet blir ikkje tatt inn i planforslaget.	
	195	Margit Løyland		
9	1	Forslag om å flytte bustadområde nord for Årdal kyrkje til oversida av område avsett til utviding av kyrkjegarden grunna flaumfare og nærleik til rv9.	Bustadområdet nord for Årdal kyrkje ligg i flaumutsett område. Det er krav i planføresegnene om at nødvendige sikringstiltak mot flaum skal vere gjennomført før utbygging av området. Detaljregulering vil ta i vare nærleik til rv9 og gode butilhøve. Innspelet blir ikkje tatt inn i planforslaget.	
10	2	Krysset rv9/Hovstadvegen er uoversiktleg og dårlege parkeringstilhøve for Årdal kyrkje.	Ei utbetring av krysset og parkeringstilhøva er eit godt innspel. Det vil vere på eit meir detaljert nivå enn på kommuneplannivå, og i samarbeid med Statens vegvesen og Agder fylkeskommune. Innspelet blir ikkje tatt inn i planforslaget.	
	196	Direktoratet for mineralforvaltning		
11	1	Mineralressursar manglar i KU, manglar behovs-vurdering av masseuttaka og vurdering av eigna plassering.	Konsekvensutgreinga (KU) er forbetra med: Lenke til kartbase sand- og grusførekomstar i oversikt over kartbasar i kapittel <i>Datagrunnlag</i> . Ført inn namn på sand- og grusførekomst som rørte ved områder under <i>Beskriving av området</i> . Registrert inn tap av sand- og grusførekomstar under <i>Landskap og primærnæring</i> . Grunngitt kvifor det eventuelt var lite interessant å ta ut masser i frå området under <i>Samla vurdering og eventuelt alternativ</i> .	
	202	Geir Skjevra		
12	1	Solcellekraft på vestheia -kommentar til at områda vart tatt ut og til pol. behandling.	Vedtak i kommunestyret 13.03.25, sak 30/25 om at områda for solkraft på Skjevraakuten og Lyngnes ikkje skal inngå i planforslaget. Innspelet blir ikkje tatt inn i planforslaget.	
	207	Mattilsynet		
13	1	Vurdere drikkevassforsyninga som kritisk infrastruktur.	'Drikkevassforsyning' inngår i skildringa av kritisk infrastruktur i planomtala pkt. 1.9, 4. avsnitt.	
14	2	Fjerne tiltaka som kan ha konsekvensar for forsyninga av drikkevatn, alternativt innarbeide konkrete omsynssoneføresegner som sikrar at omsyn til drikkevatn blir ivaretatt dersom tiltaka blir gjennomført.	Føresegnene til omsynssone for drikkevatn (H110) er endra slik at omsyn til drikkevatn blir tatt i vare dersom tiltaka blir gjennomført. Gjeld pkt.. 4.1.1.	X
	206	Torbjørn Haugen gbnr. 31/1, 31/16, 31/18		
15	1	Regulert til fritidsbustadområde (er det i planen).	Området ligg i planforslaget som fritidsbustadområde i tråd med innspelet. Avgrensing i nordre del blir justert i tråd med innspel 223-1.	X
	205	Tarald Simonstad Kvaale gbnr. 46/5		

Nr	JP Innr.	Innspel	Vurdering og endring i plandokumenta	
16	1	Nytt bustadområde på ca. 20 daa, med moglegheit for å skilje ut fleire tomter.	Styringsgruppa vel å ikkje ta inn nye byggeområde i planen. Initiativet er positivt, og kan eventuelt bli vurdert gjennom ein dispensasjonssøknad. Innspelet blir ikkje tatt inn i planforslaget.	
	212	Reiårsvatn velforeining v. Helge Forsdal		
17	1	Tydeleggjering av når kommuneplanen gjeld framfor reguleringsplanen sine føresegner	Føresegnene er justert for å tydeleggjere at kommuneplanen gjeld framfor reguleringsplan. Fjerna 1. og 2. avsnitt i pkt. 1.3. Syner til pkt. 3.1.2.1 i pkt. 4.4.1.	X
18	2	Ønskje om tydeleggjering av byggegrense for bygde og regulerte område.	Etter fagleg innspel frå administrasjonen blir formålsområde justert til å vere i tråd med gjeldande arealdel fordi det gir enklare saksbehandling. Lagt inn byggegrense i tabell i pkt. 4.4.1.	X
	211	Statens vegvesen.		
19	1	Nesmoen NÆ04 og NÆ06 – rekkefølgekrav om g/s-veg.	Ikkje legge inn rekkefølgekrav om g/s-veg for NÆ04 og NÆ06. Innspelet blir ikkje tatt inn i planforslaget.	
20	2	Poengtering av 50 m byggegrense for å sikre trafikktryggleiken.	Tatt i vare i pkt. 2.6.2 i føresegnene gjeldande byggegrenser langs offentlig veg. Det er mogleg å vurdere byggegrense i samband med reguleringsplanarbeid.	
	209	Torhild Austad m. fleire		
21	1	Planomtale – endre kap.4 til <u>Natur</u> , klima og miljø.	Kapittelinnendinga i planomtala speglar dei tre gjennomgåande perspektiva i samfunnsdelen der klima og miljø er det eine perspektivet. Samfunnsdelen skal ligge til grunn for utarbeiding av arealdelen. Det har vore ei målsetting å kople dei to delane av kommuneplanen godt saman gjennom tematikk og bruk av omgrep. Vi meiner perspektivet klima og miljø tar godt i vare natur i arealdelen. Innspelet blir ikkje tatt inn i planforslaget.	
	210	Nei til vindkraft i Setesdal		
22	1	Syner til planomtalen sitt kap. 5.1 og at det i føresegnene er opna opp for etablering av vindturbinar på bakken i bustadområde.	Føresegn 3.1.1.1 b) er justert slik at det berre er tillate med solcelleanlegg i bustadområde. I føresegn 3.1.6 f) er det gitt rom for etablering av solcelleanlegg og vindmøller i næringsområde. Endra vindturbin til vindmølle i planomtala pkt.. 5.1.	X
23	2	Manglande opning for andre energikjelder enn vatn, vind og sol.	Det er dei tre energikjeldene vind, vatn og sol som er mest brukt til småskala energiproduksjon. Innspelet blir ikkje tatt inn i planforslaget.	
	213	Villreinnemnda for Setesdalsområdet		
24	1	Retningslinene bør vere meir utfyllande og spesifike slik dei er i Heiplanen.	Tilleggspunkt GML 5.1.4 b) NY 4.2.4 ii): Retningslinene i Heiplanen gjeld for omsynssona.	X
25	2	Anbefaler at arbeidet med sti- og løypeplanen blir gitt stor prioritet.	Arbeidet med sti- og løypeplanen pågår med mål om vedtak innan 2024. Kommunen tar uttalen til etterretning.	
	214	Agder fylkeskommune		

Nr	JP Inr.	Innspel	Vurdering og endring i plandokumenta	
Motsegn til tre område: (1-3) Omsyn til vern av dyrka mark				
26	1	Bø NÆ02 (66/2)	Etter dialog med grunneigar er området avgrensa til ca. 500 m2. Dialogmøte resulterte i at fylkeskommunen aksepterte det reduserte næringsarealet. Vedtatt i meklingsprotokoll. Arealet er justert i plankartet.	X
27	2	Austadneset KBA01 (13/5)	Del av mekling. Vedtatt meklingsprotokoll gir detaljar for området. Delt formålsområdet i to jf. protokoll. Arealformål og føresegn er justert i plandokumenta.	X
28	3	Sandnes B03 (32/4)	Behalde formål bustadområde for å unngå konflikt bustad/fritidsbustad. Dialogmøte resulterte i at kommunen aksepterer motsegna basert på omsyn til dyrka mark. Motsegna vart tatt til følgje.	X
Faglege råd:				
29	4	Vurdere formål til byggeområda B07 og NÆ05 (69/3) pga. avstand til sentrum og uheldig kombinasjon bustad- og næringsområde.	Tatt ut bustadområde B07 grunna mogleg konflikt med næringsområde. Området blir tilbakeført til LNF-formål. Fokus på bustadutvikling nærmare sentrum.	X
30	5	Vurdere å fjerne plankrav for små byggeområde med mindre tiltak.	Fjerne plankrav for P01 Tangen, P02 Rakkenes og P03 Åraksbø. Nytt punkt 3.2.2 a) Tilrettelegging og opparbeiding av områda er unnateke plankrav.	X
31	6	Sjekke byggeområde som manglar i plankartet.	KU: Justert formålsområde for B06 Prestlidi sør (ekskl. dyrka mark)	
32	7	Vurdere små bustadområde til LNF spreidd bustad.	Endring av formål til LNF spreidd bustad blir ikkje prioritert i denne omgang.	
33	8	Utvide KU med føringar for viktige interesser som dyrka mark, barn og unge sine interesser, interesser langs vassdrag og friluftsinnteresser for framtidige byggeområde.	Tematikkane er omtala i føresegnene pkt. 2.9.5 -2.9.8. Det er ikkje gjort endringar i plandokumenta.	
Tematiske innspel:				
34	9	<u>Forvaltning vatn</u> – manglande vurdering av arealinnspela etter §12 i vassforskrifta	KU: Det er lagt inn utfyllande kommentar der spesifisering er funne nødvendig. Pkt. 2.9.8 b) er konkretisert med følgjande tekst: «Inngrep og aktivitetar som kan påverke miljøtilstanden, må bli vurdert på arealplannivå så langt detaljeringsgrad i innspel gjer det mogleg, og endeleg vurdert seinast ved søknad eller utarbeiding av detaljplan. Det kan være nødvendig med vurdering etter § 12 på fleire plannivå.»	X
33	10	<u>Barn og unge sine interesser</u> – uheldig kombinasjon i KBA03 (36/5 og 36/1/1)	Inngå i reguleringsarbeid for Bygland sentrum. Viktig å ta i vare dei mjuke trafikantane. Formålsområdet er uendra. KU: Lagt til barn og unge sine interesser under oppfølging.	
34	11	<u>Klimaendring og klimatilpassing</u> – vurdere utbyggingsområde med naturfare	Innspelet blir tatt til etterretning. NVE si uttale er mottatt og vurdert.	

Nr	JP Innr.	Innspel	Vurdering og endring i plandokumenta	
35	12	<u>Friluftsliv og rekreasjon</u> – oppfølging av dette i sti- og løypeplanen - kombinasjon skytebane og klatreområde; støykonflikt	KU: Har lagt inn informasjon om nærleik til klatreområde/skytebane i KU 86.2 og 139.	
36	13	<u>Villrein</u> – innarbeide retningslinene frå Heiplanen i føreseigna	Tilleggspunkt GML 5.1.4 b) NY 4.2.4 ii): Retningslinene i Heiplanen gjeld for omsynssona.	X
37	14	<u>Innlandsfiske/fysiske tiltak i vassdrag</u> – påminning om at fysiske tiltak i vassdrag må bli avklart etter ulike særlovverk	Innspelet er tatt til etterretning. Dette er tatt i vare i føresegnene.	
38	15	<u>Kulturmiljø</u> - Manglande omsynssoner for regionale og nasjonale viktige kulturmiljø.	I planforslaget er det omsynssone bevaring kulturmiljø i områda der det er rester etter bryggjer som har blitt nytta til dampbåttrafikk. Det vart gjort vedtak i kommunestyret i sak 29/20 at kommunestyret ikkje ønskjer eiga omsynssone for KULA i arealdelen. Det er lagt inn omsynssone H570 for husmannsplassen Hagen, Longerak kraftstasjon, kyrkjestadane og stasjonsområdet med tilhøyrande føresegnar i pkt.. 4.2.3.	X
Merknadar til føreseigna:				
39	16	Byggeskikk og estetikk Pkt.. 2.7.2 b) - tydeleggjering	Pkt.. 2.7.2 a. og b. i føresegnene er slått saman og fått ny tekst: «Nye bygningar og anlegg og endringar av eksisterande, skal utformast i samspel med karakteren til omgjevnadane, naturgitte forhold, kulturlandskapet og byggeskikken på staden.»	X
40	17	Bandlegging etter kulturminnelova Pkt.. 4.2.2 b) – takast ut	GML Pkt. 4.2.2 b) NY 4.3.2 er tatt ut av føreseigna: «Tiltak og aktivitet som bidrar til å fremme områda sin verdi som kulturmiljø, er tillate. Normal ferdsel og bruk av områda til friluftsliv er også tillate.»	X
	220	NVE		
41	1	Flaumfare – manglande føresegnar til aktsemdsområde, krysstilvising.	Omsynssone som viser til NVE sitt aktsemdskart, har fått namnet H320_akt i kartet. Nytt pkt. 4.1.3 a) Sett inn 320_akt som namn på omsynssona Nytt pkt. 2.9.3 e) i føreseigna: «Viser til pkt. 4.1.3 for føresegnar til faresone for flaum (H320).»	X
42	2	Skredfare – nummer på aktsemdsone, krysstilvising, endre ordbruk i pkt. 4.1.2 c)	Omsynssone som viser NVE sitt aktsemdskart, har fått namnet H310_S3 i plankartet. Pkt. 4.1.2 a) Sett inn 310_S3 som namn på omsynssona Nytt pkt. 2.9.2 e) i føreseigna: «Viser til pkt.. 4.1.2 for føresegnar til faresone for skred (H310).» Pkt. 4.1.2 c) Bytta ut område skred med skred.	X
43	3	Omsynssone skred – nye aktsemdkart	Oppdatert kartet med nye aktsemdsonar.	
44	4	Temakarta er ikkje juridisk bindande.	Skrive inn i teiknforklaringa i kart for flaum og skred at dei er juridisk bindande. Nye pkt. 4.1.2 b) og c):«Kart 2 Temakart aktsemd snøskred og steinsprang og kart 3 Temakart aktsemd jord og flaumskred er juridisk bindande.»	X

Nr	JP Innr.	Innspel	Vurdering og endring i plandokumenta	
			Nytt pkt. 4.1.3 c): «Kart 4 Temakart flaum er juridisk bindande.».	
45	5	Verna vassdrag – vise til dei verna vassdraga si nettside der vernegrunnlag er omtala.	Lagt inn lenker til verna vassdrag sine nettsider i pkt. 3.4 e), pkt. 3.5.3 og pkt. 2.6.1.	
46	6	Faresone for høgspenning – legge inn avstandskrav i føresegnene.	Lagt til pkt. 4.1.4 a) Avstandskrav er 30 m for arbeid i nærleiken av høgspentanlegg.	
47		I dialog med NVE vart konklusjonen at skredrapporten for område på Byglandsfjord ikkje møter dagens krav til skredkartlegging.	Skredsonene frå skredrapporten er tatt av skredkartet.	X
	222	Statsforvaltaren i Agder		
Motsegn til fire område: (1-4) Omsyn til vern av dyrka mark				
48	1	Vassend B04 (69/344 og 69/345)	Ønskjer å behalde området vidare med grunngeving i sak 11/390 <i>Søknad om deling av eigedom gbnr. 69/116.</i> Motsegna vart trekt. Inga endring.	
49	2	Sandnes B03 (32/4)	Behalde formål bustadområde for å unngå konflikt bustad/fritidsbustad. Dialogmøte resulterte i at kommunen aksepterer motsegna basert på omsyn til dyrka mark. Motsegna vart tatt til følgje.	X
50	3	Frøysnes B05 (18/7 og 18/10)	Del av mekling. Kommunen aksepterte motsegna basert på omsyn til reguleringsplanarbeidet som pågår. Det er opna opp for å gjere ei ny vurdering av området når reguleringsplan for rv. 9 er vedtatt. Motsegna vart tatt til følgje.	X
51	4	Austadneset KBA01 (13/5)	Del av mekling. Vedtatt meklingsprotokoll gir detaljar for området. Delt formålsområdet i to jf. protokoll. Arealformål og føresegner er justert i plandokumenta.	X
Tematiske innspel:				
52	5	<u>Vassførekomstar og vassforskrifta</u> - manglande vurdering av §12 i vassforskrifta i KU for enkelte område avsett til vasskraft og råstoffutvinning.	KU: Det er lagt inn utfyllande kommentar der spesifisering er funne nødvendig. Pkt. 2.9.8 b) er konkretisert med følgjande tekst: «Inngrep og aktivitetar som kan påverke miljøtilstanden, må bli vurdert på arealplannivå så langt detaljeringsgrad i innspel gjer det mogleg, og endeleg vurdert seinast ved søknad eller utarbeiding av detaljplan. Det kan være nødvendig med vurdering etter § 12 på fleire plannivå.»	X
53	6	<u>Heiplanen</u> - retningslinene bør vere meir utfyllande og spesifikke slik dei er i Heiplanen.	Tilleggspunkt GML 5.1.4 b) NY 4.2.4 ii): Retningslinene i Heiplanen gjeld for omsynssona.	X
54	7	<u>Beredskap og ROS</u> - manglande heilskapleg ROS-analyse	Det er gjort eit grundig KU-arbeid som vi meiner i stor grad dekker tematikken. Ingen endring i plandokumenta.	
	223	Knut T. Haugen gbnr. 30/2 – seint innkome innspel		

Nr	JP Innr.	Innspel	Vurdering og endring i plandokumenta	
55	1	Tilbakeføring til LNF frå fritidsbustadområde	Endringa har liten påverknad på omkringliggjande areal. Det er positivt med tilbakeføring for område som ikkje er aktuelle for utbygging. Området blir tilbakeført til LNF.	X
	278	Innbyggjar- og grunneigaroppopp om foreslått sikringssone for drikkevatt i Åraksbø – seint innkome innspel		
56	1	Ber om at sikringssona blir fjerna for dei aktuelle eigedomane grunna ulempa det medfører for landbruksnæringa	Hensikta med sikringssona er å ta i vare tilsiget til drikkevasskjelda i Åraksbø. Drikkevassforsyning er kritisk infrastruktur. Føresegnene til sikringssona er gjennomgått og forenkla og det er lagt til retningslinjer. I tillegg er det lagt inn eit nytt pkt. 4.1.1 c. «Dersom kjelda for til vassverket (overflatevatn) blir flytta utanfor nedbørsfeltet, blir endra til grunnvatn eller vassverket blir nedlagt, så vil ikkje sikringssona vere gjeldande..»	X
		Styringsgruppa sitt innspel til planføresegnene		
57	1	Legge inn krav om påbegynt detaljregulering av nye byggeområde innan 4 år som generell føresegn. Administrasjonen finn rett plassering i føresegna.	Nytt avsnitt i pkt. 2.1: «Detaljregulering av nye byggeområde må vere påbegynt innan 4 år etter vedtak av kommuneplanen sin arealdel»	X
58	2	Fjerne føresegn om krav om vinterbrøyta veg til nye fritidsbustadområde.	Fjerna 3.1.2.2 e) «Nye område for fritidsbustad skal berre bli etablert der det er tilgang til vinterbrøyta veg.»	X
59	3	Tillate enkeltståande fritidsbustader med føresegn som seier at det skal vere i inngrepsnær natur og ta omsyn til beitenæringa.	Endra pkt.. 3.4 c) for å gi rom for enkeltståande fritidsbustader i inngrepsnær natur (definert i tråd med miljødirektoratet sin definisjon).	X
60	4	Forenkla adgangen til påbygg i LNF-område.	Nytt pkt. 3.4 d) for å gi rom for mindre byggetiltak.	X
61	5	Ta ut arealformål ABA02 Deknekanalen grunna risiko for forureining av drikkevasskjelde.	Tatt ut arealformål ABA02 i plankartet. Fjerna ABA02 frå pkt. 3.1.8 d)	X
62	6	Legge inn Trodverk som fritidsbustadområde, pga. pågåande planprosess.	Planen har vore på 1. gongs høyring. Eksisterande formålsområde i gjeldande arealdel (KPA) er lagt inn i plankartet med formål fritidsbustad (nåverande).	X
63	7	Sikre at føresegnene utfyller manglar i gjeldande (eldre) reguleringsplanar.	Ny setning i pkt. 3.1.1.1 a) og 3.1.2.1 a) "Desse føresegnene supplerer føresegnene gitt i eldre reguleringsplanar der planen manglar utnyttingsgrad og høgdeføresegner. Føresegnene gjeld også for mindre byggeprosjekt som ikkje har stor verknad på omgjevnadane, for eksempel garasje, uthus eller tilbygg, i område der det ikkje er ein gjeldande reguleringsplan."	X
64	8	Teknisk infrastruktur – saknar omtale av telekom.	Lagt inn telekommunikasjon i pkt. 2.5.1.	
65	9	Berekraftig turisme/besøksforvaltning.	Endra pkt 3.4 f) Tiltak som fremmer friluftsliv og idrett kan bli tillate når dette kan bli utført utan skade på naturverdiar og biologisk mangfald, og det ikkje er i konflikt med verneinteresser eller andre omsynssoner.	X

Nr	JP Inr.	Innspel	Vurdering og endring i plandokumenta	
66	10	Konsistens i byggegrense og flaumsoner.	Fjerna tekst i pkt. 2.9.3 a) for å unngå inkonsistens. Temakart for flaum syner aktsemdsonene.	X
67	11	Der det er bustad eller hytte langs fjorden skal det vere ope for etablering av brygger. Men sikre allmenn ferdsel og tilgang til friområde.	Endra pkt. 3.5.1 a) og lagt til ny retningsline som seier at brygger kan tillatast langs vassdrag under visse føresetnader.	X
68	12	Ikkje opne opp for vindmøller i bustadområde.	Endra pkt. 3.1.1.1 b) slik at berre solcelleanlegg er tillate.	X
69	13	Opne opp for vindmøller i næringsområde.	Nytt pkt. 3.1.6 f) som inkluderer både solcelleanlegg og vindmøller.	X
Administrasjonen sine innspel til plandokumenta				
70	1	FB23 Fisstøyl	Justert formålsavgrensing i sør til å inkludere veg og innmålt tomtepunkt. Justert avgrensinga mot vatn til min 100m.	X
71	2	Bakkane bustadfelt	Retta opp i feil i kartet jf. Regplan (analogt kart).	X
72	3	Gardsnes (Grendi)	Endra formål frå friområde til LNF i tråd med strandsone-planen (der det er ikkje samsvar mellom planomtale og plankart). Fjerna område avsett til naust. Alt etter dialog med grunneigar.	X
73	4	Bjønnåna turveg	Lagt inn ein strek for ny bru jf. Sti og løypeplanen	
74	5	Lagt inn byggegrenser der det manglar i gjeldande regplan jf. tabell i pkt. 4.4.1 i føresegnene.	Lagt inn byggegrense for regplan 198801 og 200301. 199601 behold formålsgrense frå gjeldande kommuneplan sin arealdel 2011-2022.	X
75	6	Grendi grendehus og bedehus	Lagt inn att formål offentleg og privat tenesteyting jf. gjeldande kommuneplan sin arealdel 2011-2022.	X
76	7	Unntak frå plankrav – forenkling/rydding	Forenkling av føresegn pkt. 2.2.	X
77	8	Byggegrenser langs offentleg veg	Justert pkt. 2.6.2 2. kulepkt. i tråd med haldningsklasser.	X
78	9	Miljøkvalitet, estetikk, natur, landskap og grønstruktur – forenkling/rydding	Forenkling av føresegn pkt. 2.7. 3. 2.7.3 a) fjerna grunna dekkav 2.7.2 a) 2.7.3 j) fjerna grunna dekkav 3.4 2.7.3 e) lagt inn henvisning til 2.9.5 c)	X
79	10	Forhold som skal bli avklart i vidare planarbeid – forenkling/rydding	Forenkling av føresegn pkt. 2.9. 2.9.1 kulepunkt 2 er fjerna «Tiltaksområdet eller nærliggande område har hellingsgrad over 30 gradar» 2.9.5 slått saman c) og d) til nytt pkt. c)	X
80	11	Føresegner for område for eksisterande bustad - justering	3.1.1.1 c) fjerna «Område avsett til bustad i kommuneplanen sin arealdel skal ikkje bli omdisponert til fritidsbustadformål.»	X
81	12	Ny reguleringsplan PlanID Hamren	Planen er vedtatt. Lagt inn planavgrensing med arealformål.	X
82	13	Ny reguleringsplan PlanID RV9 Neset	Planen er vedtatt. Lagt inn planavgrensing med arealformål.	X

Nr	JP Inr.	Innspel	Vurdering og endring i plandokumenta	
83	14	Reiårsfossen camping. Nytt arealformål med krav om ny plan.	Med bakgrunn i vedtatt flaumrapport datert 15.11.22 er det behov for å omregulere området for å ta omsyn til kjent naturfare. Nye pkt. 3.1.9 g) og h) i føresegnene. Endra arealformål i plankartet til kombinert næring, fritidsbustad, fritids- og turistformål.	X
84	15	Endring av byggegrense langs vassdrag	Endre byggegrenser langs vassdrag i pkt. 2.6.1. * Nord for Ose bru: 30 m. * Sør for Ose bru: 50 m. * Område for verna vassdrag: 100 m. * Vatn og elvestrekningar: 30 m. * Bekkar: 10 m.	X
85	16	Nytt område for skytebane. Krav om detaljregulering.	Tydeleggjering av krav om detaljregulering med særskilt vurdering av støy og naturverdiar.	X